

**Notat**Dato: 20.09.2016  
Arkivsak: 2016/7151-2  
Saksbehandlar: torslin

---

**Til:** Gudrun Mathisen

---

**Frå:** Tore Slinning

---

**Høyring av søknad om konsesjon for opprusting og utviding av kraftverka i Litledalen i Etne kommune - Krav om arkeologisk registrering**

Vi viser høyring av søknad i ovanfor nemnde sak, samt tidlegare korrespondanse med SKL. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I e-post frå SKL v/Magne Andresen datert 03.06.2016, blei vi gjort kjend med kart over endringar av tiltaksområder i samband med at SKL erstattar Haugaland Kraft AS som tiltakshavar for Nye Etne. Etter ei vurdering av endringane i planlagde tiltaksområder og synfaring på staden, har delar av dei nye og utvida massedeponi- og riggområda potensiale for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune finn det difor naudsynt med arkeologisk registrering av desse områda. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn i saka. Registreringa vil avgjere om tiltaka kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

I vårt brev datert 20.06.2016 fekk SKL attendemelding om dette, og blei gjort merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av dette kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Vårt kostnadsoverslag for registreringa er godkjent av SKL, og feltarbeidet er sett til perioden 24.-28.10.2016.